



Unni Karin Mjøs Haugland
Øvre Mjøs 9
5939 Sletta

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/6278 - 23/7304

Saksbehandlar:
Hanne Marie Evensen
hanne.marie.evensen@alver.kommune.
no

Dato:
27.01.2023

Oppheving av vedtak om å avvise klagen og ny stadfesting av mottatt klage - gbnr 416/15 Mjøs

Tiltak: brygge
Byggjestad: Gbnr: 416/15
Tiltakshavar: Unni Karin Mjøs Haugland
Ansvarleg søkjar: Magne Haugland

Vi stadfestar med dette å ha motteke e-post frå tiltakshavar (omtalt som klagar under) den 11.01.2023 som vi forstår som ei klage på avvísingsvedtak datert 05.12.2022.

Klagen vert avvist med heimel i fvl § 33, ettersom klaga vart sett fram etter at klagefristen i fvl § 29 vart gått ut, og det vart vurdert at det ikkje vart heimel for å gje oppreisning for oversitta klagefrist etter fvl § 31.

Den 11.01.2023 sendte klagar e-post som dokumenterte at det den 02.07.2022 vart søkt om utsett frist til 15.08.2022 for å klaga på vedtak datert 17.06.2022. Denne mailen vart sendt til postmottaket i Alver kommune, men ble ikkje vidaresendt til sakshandsamar for vidare handsaming. Klagar hørte ikkje frå kommunen, og antok at det vart gitt utsett frist.

Etttersom det vart søkt om utsett klagefrist på riktig måte ved å sende e-post 02.07.2022 til postmottak og innan klagefristen vart ute, så er det kommunen som må bære ansvaret for at e-post ikkje er ført på saken slik at sakshandsamar ikkje er gjort merksam på søknaden.

Klagar ville fått utsett frist om sakshandsamar hadde blitt gjort merksam på søknaden.

Vedtak:
Med heimel i fvl § 33 andre ledd, jf. § 25 vert vedtak om avvising av klage datert 05.12.2022 oppheva.

Vidare saksgang:

Klaga på vedtak datert 17.06.2022 vert sendt til avdeling for miljø og tilsyn for ny handsaming.

Du må betale gebyret i saka innan tidsfrista

Har du fått eit gebyr i saka må du betale dette innan tidsfrista, sjølv om du har klaga på saka, jf. kommunens vedtatte gebyrregulativ. Dette gjeld også om du har klage på sjølve gebyret. Dersom klage på gebyr tas heilt eller delvis til følgje, så tilbakebetalast beløpet.

Aktuelt regelverk

- Frist for handsaming av klage går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1 første ledd bokstav c.
- Frist for handsaming av klage viss det er gitt utsatt iverksetting går fram av SAK § 7-1 første ledd bokstav f.
- Kommunen kan endre vedtaket på bakgrunn av klaga, jf. forvaltningslova (fvl) § 33.
- Utsett iverksetting av tiltak har grunnlag i fvl § 42.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Hanne Marie Evensen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Magne Haugland

Mottakarar:

Unni Karin Mjøs Haugland

Øvre Mjøs 9

5939

Sletta